



Osterøy Kommune - Kristin Kjærås

Dato: 16.10.2015

Vår ref.: 2015/10375-3

Saksbehandlar: persvae
Dykkar ref.: Kristin E.A. Kjærås

Svar på søknad om tilskot til Klimakonferanse i Nordhordland

Takk for søknad om stønad til Klimakonferanse.

Gjennom dialog med sakshandsamar i Osterøy kommune er søknaden konkretisert tilstrekkelig til at han kan handsamast. I vedlegg på neste side er framlegg til innhold i ein slik klimakonferanse skildra i samsvar med dialogen mellom sakshandsamar i Osterøy kommune og Hordaland fylkeskommune.

Hordaland fylkeskommune er positive til å støtte dette tiltaket. Neste steg i prosessen er at Regionråd Nordhordland IKS må handsame framlegget til «Regional klimakonferanse i Nordhordland», eventuelt utarbeide eit revidert opplegg og vedta å ta seg ansvaret for å gjennomføre tiltaket.

Om regionrådet vedtek å gjennomføre tiltaket, vil Hordaland fylkeskommune føre opp «Regional klimakonferanse i Nordhordland» som tiltak i framlegg til Handlingsprogram 2016 for Klimaplan for Hordaland med ei rammeløyving på kr 80 000. Dette handlingsprogrammet vert endeleg vedteke av fylkestinget på møtet i desember.

Om fylkestinget også seier ja til tiltaket og løyvinga, kan klimakonferansen gjennomførast av Regionråd Nordhordland IKS som vedteke i samarbeid med Hordaland fylkeskommune.

Gudrun Mathisen
leiar

Per Hjalmar Svae
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Framlegg: Regional klimakonferanse for Nordhordland – Oppfølging etter COP21 i Paris 2015

Målgruppe:	Formannskap og leiargruppe i alle kommunane som er med i Regionrådet Nordhordland IKS.	
Arrangør:	Regionrådet Nordhordland	
Tid/ Stad:	Avgjerast av Regionrådet.	
Fagleg ansvar:	Framlegg: Heildags konferanse i fyrste halvdel av 2016 Hordaland fylkeskommune, Klima- og naturressursseksjonen Konferansen leggast inn som tiltak i framlegg til handlingsprogram 2016 for Klimaplan for Hordaland	
Budsjett:	Konferansehotell, 150 dagpakkar a kr 400,- Føredragshaldarar Regionrådet utarbeidar rapport frå konferansen Sum	60 000 10 000 <u>10 000</u> 80 000
Finansiering:	Hordaland fylkeskommune, klimaplanenens handlingsprogram 2016. Rammeløyve opp til kr 80 000 + mva. Kommunane dekkjer sjølv reisegodtgjering og frikjøp for eigne deltakarar.	
Streaming:	Dei faglege innlegga før lunsj vert streama og gjerast tilgjengelege for kommunestyre, administrasjon og innbyggjarar. I budsjettet har ein rekna med at Hordaland fylkeskommune kan stå for filminga og publiseringa.	
Program	Framlegg til fagleg seminar før lunsj: <ul style="list-style-type: none"> - Den globale klimautfordringa Om den 5. rapporten frå FN sitt klimapanel, kva veit vi og kva må gjerast av kven? Kva vart resultatet av COP21 i Paris? v/ Bjerknessenteret - Klimaomstilling = Energiomstilling Korleis erstatte fossil energi med fornybar energi i verda innan 2050? Om pristilhøve og utsiktar i marknaden, kva skjer og kor fort går det? Kan dette få konsekvensar for Mongstad? v/ Norsk klimastiftelse - Kva er dei viktigaste regionale og kommunale klimatiltaka? Om klimaplan for Hordaland og kva regionen og kommunane bør prioritere av tiltak. v/ Hordaland fylkeskommune, Klima- og naturressursseksjonen - Klimatilpassing – Utfordringar, løysingar og status. Særskilde høve i Nordhordland? v/ Uni Klima (Hordaklim). 	
	Framlegg til konferanse etter lunsj: <ul style="list-style-type: none"> - Fyrste bolk: Grupper på tvers av kommunane på utvalte tema, t.d. <ul style="list-style-type: none"> - Klima i kommuneplanen, arealdelen og samfunnsdelen. Samarbeid? - Korleis få meir klimavennleg samferdsel i regionen? Samarbeid? - Korleis få eiga verksemd meir klimavennleg? Miljøsertifisering? Systematisk miljøstyring? Konkrete tiltak? Samarbeid? - Offentleg – Privat samarbeid – Kva kan vi sjå for oss? Samarbeid? - Klimavennlege hushald – Kva er det? Korleis legge til rette? - Samarbeid? <ul style="list-style-type: none"> - Klimatilpassing – Lokale utfordringar og løysingar. Samarbeid? - Ev andre tema eller fordjuping: Energieffektive kommunale bygg, Klima og landbruk, Klima, miljø og havbruk og fiskeri. Anna? - Andre bolk: Gruppe for kvar kommune. <ul style="list-style-type: none"> - Klima- og energiplanen – Historikk og status? v/ ansvarleg i kommunen. - Kva kan/bør prioriterast i år, neste år og i denne valperioden? - Kan/bør klimagassbudsjettet vere like viktig som kommunebudsjettet? 	
Rapport:	Regionrådet utarbeidar ein rapport frå seminaret og konferansen som innspel til det regionale og kommunale klimaarbeidet i valperioden 2015 – 2019.	